



Manger handball
Gry Kjersti Birkeland

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1215 - 14/6756

Saksbehandlar:
Monika Soltveit Gabrielli
monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:
18.06.2014

Treningstid i Radøyhallen

Viser til dykkar søknad om halltid for skuleåret 2014/15, og vil med dette stadfeste at de har fått følgande tid:

Måndagar: 17.00 - 18.00
Tysdagar: 18.00 - 19.30
Torsdagar: 17.30 - 19.00

Oppstart frå **måndag 28. august**.

Radøy kommune og handballklubben har vore i dialog om klisterbruk, og klubben har fått klarsignal om å auka prøveperioden med klister til **ein dag i veka komande skuleår**. Målet er sjølvsagt ei god løysing som gjer at handballklubben kan bruka klister når dei sjølv vil, men me har ennå ikkje gode nok vaskerutinar og erfaringar til å gje grønt lys for dette.

Vedtak er gjort på møte der Radøy Idrettsråd og Radøy kommune v/kultur- og sørvistorget og vaktmeister deltok.

Fakturering vil skje på bakgrunn av tildeliga, så me rår til at de gjev melding seinast 14 dagar før dersom ei trening går ut. Dersom de alt no veit at det ikkje vert trening i haust-, jule-, vinter- og påskeferien, kan de gjerne gje melding om dette. Då vert dette trekt i frå med ein gong.

Radøy kommune er ansvarleg for tryggleiken til dei som oppheld seg i hallen til ei kvar tid. Me vil difor inkalla alle gruppene som trenar i hallen til gjennomgang av nye tryggleik- og branninstruksar. Invitasjon vert sendt til den som har tinga halltid/kontaktperson, så gje beskjed om de heller vil at inkallinga vert sendt direkte til nokon andre.

Me ser fram til eit fortsatt godt samarbeid om våre felles hall. God sommar 😊

Med helsing

Monika Soltveit Gabrielli
konsulent kultur- og sørvistorget

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Manger handball